



Vil auke medvitet

– Kommunane må bli medvitne om ansvaret dei har, seier **Synnøve Midtbø Myking**, som har undersøkt digitale læremiddel på nynorsk.

SIDE 6–7



Ny bokklubb

Forlaget Skald satsar hardt på omsett verds litteratur.
– Dette er ein måte å utvikle språket på, seier forlagssjef **Simone Stibbe**.

SIDE 14–15



Mannen bak guten

Olav Olavsson Edland, eller **Storegut** som han vart kalla, var ein myteomspunnen kar lenge før A. O. Vinje skreiv om han.

SIDE 18–19

Norsk Tidend

medlemsblad for Noregs Mållag

nr. 2

mars 2018

Vil ha meir nynorsk i Oslo-skulen

Halvparten av lærebøkene på nynorsk • Tidleg start • Bruke språket i andre fag enn norsk
• Mindre fritak.

Khamshajiny «Kamzy»

Gunaratnam, varaordførar i Oslo, tek til orde for å satse på nynorsk i skulen.

– Så lenge vi har to offisielle språk, så må samfunnet leggje til rette for at vi lærer oss både.

SIDE 8–9



Tunnelsyn i skulen

NT Ei veninne av meg var ute og svinga seg på ein utesstad i Oslo. Då det var nok dansing, tok ho jakka si og gjekk ut. Ein kar kom springande etter og lurte på om ho ikkje hadde lyst til å vera med ein annan stad. Men då veninna mi svara, sa han berre: «Hva!? Vestlandet?!», snudde og gjekk inn att.

NT Men før Oslo-hatet får fotfeste, så skal eg skunde meg å fortelje ei anna soge. Ein slekning er lærar på ein vidaregåande skule på Voss. I ein skuletime kom det til eit ordskifte om nynorsk og bokmål. Då hevda ein elev at det var greitt nok med nynorsk på Voss, men når vedkomande skulle reise til Bergen for å studere, så var det berre bokmål som galdt.

NT Dette er relativt ferske døme på kva utfordringar me står overfor. Både hovud- og sidemåselvarar slit altså med å forstå korleis landet vårt fungerer. Og dei er ikkje åleine om å ha tunnelsyn og fordomar.

NT Skal det vere noko håp om at dette ikkje skal endre seg til det verre i framtida, er det naudsynt med i alle fall eit minimum av danning i skulen og i norskfaget.

NT Praktisk nytte kan ikkje vere det einaste målet.

KJARTAN HELLEVE

Utgjeven av Noregs Mållag

Avisa blir redigert etter Redaktørplakaten.

Tilskrift: Lilletorget 1, 0184 OSLO

Redaktør: Kjartan Helleve,
kjartan.helleve@nm.no,
tlf. 23 00 29 32

I redaksjonen:
Hege Lothe, Erik Grov

Heimeside: www.nm.no

Abonnement: 250 kroner per år

Utforming: Audun, Språksmia AS
smia@spraksmia.no

Nynorsk framtid i sør aust

DENNE UTGÅVA AV Norsk Tidend kjem til medlemmene like før det store landsmøtet i Vinje i Telemark. Vinje er ikkje den mest praktiske staden å arrangere eit slikt stemne (dét vil nok alltid vera eit flyplasshotell ved Gardermoen), men like fullt gjekk vi i styret inn for denne staden både på grunn av historie og geografi. I 2018 er det 200 år sidan Aasmund Olavsson Vinje blei fødd, mannen som var den første som tok Ivar Aasens landsmål i bruk på alvor. Han voks opp i ei lita stove på Plassen med utsyn mot Vinjevatnet og blei i sitt liv ein som opna dører for både norsk mål og journalistikk. I tillegg skreiv han lyrikk som dei fleste nordmenn kan sitere linjer frå ennå i dag.

Frå Aasmund Olavsson går det så kulturelle linjer vidare i Vinje, til Aaslaug Vaa, Halldis Moren, Tarjei Vesaas og Stein Versto. Når Nordstoga-familien nå eig og driv Plassen gard, er det som om ein ring er slutta.

VEST-TELEMARK ER ÒG ein svært strategisk stad, geografisk sett. Vi er i eit nynorsk kjerneområde i det indre av det som blir eitt av fire sør- og austlandske «storfylke» etter fylkesomgjeringa. Fylkesnamna er ikkje heilt bestemte ennå, men for praktisk bruk her, kallar eg fylka «Agder», «Vestfold og Telemark», «Vika» og «Hedmark og Oppland». Det som er likt i alle desse fire storfylka, er at alle i hop kjem til å få eit nynorsk-skrivande mindretal med kjerneområde «inne i landet». Hadde det blitt noko av det store Fjellfylket ein del drøynde om, ville det kunne blitt eit sterkt nynorskfylke. Nå er i staden nynorskskrivarane splitta i fire administrative einingar.

NT LEIARTEIGEN


MAGNE AASBRENN
Leiar i Noregs Mållag



I SKIENSAVISA VARDEN 8. mars skriv leiaren for den nyskipa Målungsdomen i Telemark, Nikolai Hagevold Krohne, følgjande: «No som regionsforhandlingane allereie er fastslått, er det derfor viktigare enn nokon gong at me som ynskjer å halde på språkmangfaldet på Austlandet, står saman mot politikarane som utslettar det.» Arbeidet for å få i gang eit slikt samarbeid mellom målfolk har tatt mykje av leiartida mi på slutten av denne perioden. I framlegget til arbeidsprogram som styret legg fram på landsmøtet, er dette eitt av fire prioriterte punkt. Vi skriv at nynorskbrukarane må tene på omorganiseringa av kommunar, fylke og stat. Det er viktig at ingen strukturreformer slår negativt ut for nynorskbrukarane. Tvert om bør slike reformer vera eit høve til å innføre tydelegare regelverk og betre rettar.

Så langt har det vore telefonmøte med leiariene i fylkeslaget som omfattar dei ulike fylka, og vi har arbeidd med korleis dei konkrete språkbruksvedtaka i dei ulike fylka skal sjå ut. Vi har byrja dei mange samtalane med politikarar, og medieutspel er alt ute.

KRAVA VÅRE ER rimelege og burde ikkje vera omstridde: Utetterretta informasjon frå dei nye



storfylka må veksle mellom bokmål og nynorsk, med ein plan som seier tydeleg at ein viss prosent av innlegga på nettsida, til dømes, skal vera på nynorsk. Saker som omhandlar nynorskområde særskilt, må vera på nynorsk. Fylka styrer dei vidaregåande skulane, og da må styringsdokumenta seja svart på kvitt at det ikkje skal vera vanskelegare å vera nynorskbrukar enn bokmålsbrukar for vidaregåande-elevar i Agder/Vestfold og Telemark/Vika/Hedmark og Oppland. Dei skulane som tar imot flest nynorskelevar, har eit særskilt ansvar for å gjera det lett for elevane å halde på nynorsk.

Og altså må det aktive omsynet til nynorskens femne lenger enn nynorskommunane. Alle dei vidaregåande skulane i dei nye storfylka må ha valskjema, læringsressursar og informasjonsmateriell tilgjengeleg som i praksis viser at nynorskelevar er like gode som bokmålselevar.

WESTFOLD OG ØSTFOLD, som i dag er fylke med bokmålsvedtak, må droppe desse vedtaka til fordel for å bli ein del av «språknøytrale» storfylke. Så veit vi i mårnrøsla alt om at «nøytral» ofte ikkje tyder «tospråkleg» i det heile tatt i offentleg administrasjon. Derfor må planar komma inn som gjer dei nye fylka reelt tospråklege.

Om nynorsken i sør aust kjem styrkt ut av fylkesreforma, vil det styrke legitimitetten nynorsken har som riksspråk. Det igjen vil trygge posisjonen nynorsken har som administrasjonsmål etter gode vedtak i fylka Vestlandet og Møre og Romsdal og gjera det enda lettare å fremme nynorsk i Rogaland.

MED VEKST i medlemsmassen og ei haldningssending på gang i folkefaget, har rørsla faktisk ein god

Om nynorsken i sør aust kjem styrkt ut av fylkesreforma, vil det styrke legitimitetten nynorsken har som riksspråk.

NT SAGT

Noregs Smålag
Telenor sender oss brev

Er det bare meg, som etter å ha lest innlegget også leste alle kommentarene på nynorsk?

Lasse Fjellheim i kommentarfellet til ei sak på nynorsk i Gaffa Norge

Nynorsk er dritsexy. Ivar Aasen gjorde en super jobb.

Regina Tucker, aka Myra, på Brenners bøker

Ventar på Haukeliekspressen. For på den bussen har far lagt fem rakfiskar i ein sekk. Den sekker er min. Eg håpar far la sekken i bagasjerommet i år, og ikkje framme ved sjåføren.

Ingebjørg Bratland på Instagram

«Dette språket duger ikke lenger, jeg kan ikke lenger skrive embedsmennenes språk, kan ikke lenger bruke dette reklamespråket, dette gjennomfalske maktspåket, dette språket som umerkelig innringer alt under den instrumentelle østlandsfornuft, dette heslige bokmålet, nei, dette går berre ikkje lenger (...)»

Fra romanen Vestlandet av Erlend O. Nødtvedt

Hei! Eg ynskjer meg fleire artiklar på nynorsk. Eg gleda meg sånn når Gard Steiro opna opp for artiklar på nynorsk, men eg har ikkje sett mange :

«Ole» i VG 25. januar.

Eg skriv nynorsk med jamne mellomrom. Det gjer noko med korleis eg tenker.

Mathias Fischer på Twitter

Om Jon Fosse skreiv krim: Nokon kjem til å døy.

Mads Rage på Twitter

Tenk om Jon Fosse og Finn Tokvam hadde skrive boka om Ragnar Hovland saman: Kjem dei no har eg vunne

Anders Totland på Twitter

Kan til naud sjå føre meg at Jon Fosse hamnar i pengetrøbbel og ser seg nøydd til å skriva den politiske thrilleren Nokon kjem til å gå.

Mads Rage på Twitter

På debattsidene onsdag kom *Sunnmørsposten* i skade for å skrive at Terje Kjøde er volding. Det er så hakande gale som det kan bli. Mållagsmannen, politikaren, skulemannen og fotballtrenaren Terje Kjøde er ørsting, har aldri vore anna enn ørsting og i alle fall ikkje volding. Erkeørsting, vil dei fleste meine at han er. *Sunnmørsposten* orsakar på det sterkeste.

Sunnmørsposten 10. februar

Jeg har nylig kjøpt meg ny bil, og det er en ting som plager meg. GPS-damen snakker ny-norsk. Det irriterer meg kraftig. Det er nesten så jeg lurer på å bytte inn bilen, sier en Opel-eier fra Østsiden med et glimt i øye.

Fredriksstad Blad



Foto: Siren Høyland Sæter/Det Norske Teatret

Ny styreleiar i Språkrådet

Kulturdepartementet har oppnemt **Erik Ulfbsy**, teatersjef ved Det Norske Teatret, som ny styreleiar for Språkrådet. Erik Ulfbsy overtar leiarvervet etter Guri Melby, som no møter på Stortinget som vararepresentant. Eli Bjørhusdal erstattar Liv Kari Eskeland, som møter som fast representant på Stortinget. Varemedlem Curt Rice trekkjer seg frå vervet sitt. Fram til utgangen av 2019 vil styret for Språkrådet vere sett saman slik: Erik Ulfbsy, styreleiar; Trond Trosterud, nestleiar; og styremedlemene Jan Erik Knarbak og Eli Bjørhusdal. Styremedlem vald av dei tilsette er Torunn Reksten.(NPK)



«Snillionen» heidra

Barneboka fekk i mars litteraturprisen 2017 av Kulturdepartementet.

– Prisen betyr ekstra mykje for meg, for eg gir ut bøker såpass sjeldan. Eg har brukt så lang tid på den, så eg er avhengig av at det går bra, seier **Arnfinn Kolerud**.

Forfattaren frå Flatraket i Selje kommune var sjølv i Oslo for å ta imot den høghengande prisen frå Kulturdepartementet.

– Å bli nominert er kjekt, men det er surt å bli nominert utan å vinne. Eg er ein dårleg tapar, så det var bra at det gjekk slik, smiler forfattaren.

Det var i den årlege premieringa av årets beste barne- og ungdomsbøker at Kolerud og *Snillionen* stakk av med litteraturprisen. Prisen er på 50 000 kroner. (Fjordenes Tidende)

Tekniske dappedittar som du kan snakka med, og som kan tenkja sjølv, er på full fart inn i norske heimar, men problemet er at det finst **lite norsk språkteknologi** til å utvikla desse tenestene. Det gjer fagfolk bekymra.

Ønskjer nasjonal dugnad for språk og ny teknologi

TILSTANDEN OG VILKÅRA for norsk språk i den nye digitale kvarldagen var eit sentralt tema på Språkdagen 2018, som gjekk av stabelen i Oslo nyleg.

– Noreg har i dag ikkje så mykje språkteknologi i det heile, og med tale og tekstbiten står det ganske dårleg til, sa teknologidirektør Shahzad Rana i Microsoft Norge som var ein av innleiarane på den årlege konferansen til Språkrådet.

Rana er også ein av sju medlemmer i det såkalla framtidsutvalet til Språkrådet som skal sjå på viktige utfordringar for det norske språket vidare.

Han peikte på at talestyrt hjelpemiddel blir meir og meir utbreidd, og at vi snart kan styra mykje av elektronikken i heimen berre ved å snakka til digitale dappedittar. For å sikra at folk i framtida kan kommunisera med slike hjelpemiddel på norsk, meinte han det er viktig å setja språkteknologi inn ein større samanheng og få til

eit breitt samarbeid mellom ulike departement, forskingsmiljø og andre aktørar.

– Trengst eit nasjonalt løft

Også språkdirektør Åse Wetås tok til orde for eit nasjonalt løft for norsk språkteknologi. Ho meinte det er avgjerande for det norske samfunnet at det norske språket heng med i den digitale utviklinga.

– Alle departementa og heile det norske samfunnet har eit ansvar for at me skal kunna løfta det norske språket inn i den digitale tidsalderen. På same måten som vegar og jernbane må me byrja å sjå på språk som heilt nødvendig infrastruktur for at det norske samfunnet skal fungera.

Ho var klar på at språkteknologi er eit område som Noreg ikkje kan overlata til internasjonale aktørar.

– Me må vera med å bestemma. Me må stilla tøffare krav til dei som skal utvikla denne type tenester. Det må vera eit krav at tenestene skal vera på norsk og at dei skal vera

tilgjengelege både på bokmål og nynorsk, slo ho fast.

– Enklare kvardag

Wetås peikar på at språkteknologi vil gjera kvarldagen enklare for folk, og at det er viktig å sjå språk i ein større samanheng.

– Me må tenkja på dette som investeringar som gjer at det norske samfunnet blir enklare å drifta. Viss gamle folk skal kunna sitja heime i stovene sine og styra kjøleskap med bruk av stemma si, er me avhengige av å investera det som trengst for å utvikla teknologi for taleattkjenning, seier ho.

Ho håpar difor på brei politisk vilje til å løfta norsk språk over i den teknologiske tidsramma.


– Me må difor ikkje sjå på dette som eit lausrive kulturtiltak eller noko som er artig å ha. Det er ting som kan løysa store samfunnsproblem og spa oss for store utgifter, seier Åse Wetås.

MARGUNN SUNDFJORD
NPK



SAMARBEID: Teknologidirektør Shahzad Rana i Microsoft Norge og medlem av framtidsutvalet til Språkrådet tok på Språkdagen 2018 til orde for eit sektorovergripande samarbeid for å løfta norsk språkteknologi.

Arkivfoto: Morten Holm / NTB scanpix / NPK



SOM EI FORELSKING: – Å få lov til å bygge opp noko, tilsette dei ein vil samarbeide med og oppdage alt dei har å fare med, er som den første forelskinga, seier Ottar Grepstad, som gjev seg etter 19 år som direktør for Nynorsk kultursentrum.

Foto: Lars O. Flydal

Ottar Grepstad sluttar i Nynorsk kultursentrum

Ottar Grepstad har sagt opp stil-linga si i Nynorsk kultursentrum og blir pensjonist frå 1. november 2018. Grepstad blir 65 år 1. oktober.

– **EG KAN KALENDEREN** og ante at dette kunne kome, men skulle ønske det ikkje kom alt no, seier styreleiar Lodve Solholm.

– Ottar Grepstad har vore direktør i 19 år, og styret er svært glad for at han blei så lenge. Under hans leiing og gode samarbeid med styre og råd er Nynorsk kultursentrum blitt ein nasjonal kulturinstitusjon av dei sjeldne.

– Å få lov til å bygge opp noko, tilsette dei ein vil samarbeide med og oppdage alt dei har å fare med, er som den første forelskinga, seier Grepstad.

– Den som sjølv får lov til å prøve og feile, gir andre same sjansen. Eg har så mykje å takke råd, styre og medarbeidarar for at eg ikkje anar korleis eg skal få gjort det.

Grepstad blei tilsett som direktør i 1999 og var med det den første fast tilsette i Nynorsk kultursentrum. I valet mellom åremål og fast stilling den gongen valde han fast stilling og sa at han kom til å slutte brått.

– Det var mest ei påminning til meg sjølv om å styre unna det eg kallar repetisjonens spiral. Eg har vore redd for å bli verande for lenge, og i fleire år har eg arbeidd med å gjere meg til ein som Nynorsk kultursentrum klarer seg utan, seier Ottar Grepstad.

Stiftinga Nynorsk kultursentrum blei skipa i 1993 for å drive Ivar Aasen-tunet. Til hausten rundar stiftinga 25 år med 20 fast tilsette som driv tre museum, tre festivalar, eit digitalt leksikon og ni andre nettstader. Fleire store prosjekt er i arbeid, og budsjettet for 2018 er på 33,5 millionar. Nynorsk kultursentrum er utan langsiktig gjeld og hadde ved årsskiftet ein samla eigenkapital på fem millionar.

I åra som direktør har Ottar Grepstad skrive eller redigert over 20 bøker og halde fleire hundre foredrag. Han var rådsmedlem i Norsk kulturråd 2005–2010, og styremedlem og seinare styreleiar i Språkrådet 2006–2015. Grepstad har heile tida leidd arbeidet i Nynorsk forum og har frå 2016 vore leiar i International network of language museums. (Pressemelding)



ANNE SVANAUG STRAUME
Dagleg leiar i Kringkastingsringen

På heimebane

DEI SISTE VEKENE har nordmenn benka seg framfor skjermen for å ta inn ein ny vestnorsk dramaserie. I serien *Heimebane* møter me Ane Dahl Torp i rolla som fotballtrenaren Helena, ei sterk og prinsippfast dame. Etter å ha leia kvinnelaget Trondheims Ørn til seriegull tre år på rad får ho tilbodet om å trenre herrelaget Varg i Ulsteinvik. Laget har nett rykt opp i elitedivisjonen, og presset på den kvinnelege trenaren veg tungt.

LENGE FÖR SERIEN nådde skjermen, skapte han diskusjon fordi serien skulle titulerast «Hjemmebane». Allereie i sumar kom Sunnmøre mållag på bana og delte ut det første raude kortet til NRK. Lokallaget reagerte på tituleringa på bokmål, då serien er spelt inn i nynorskkommunen Ulstein. Med støtte frå vikarierande språksjef i NRK, Ingvild Bryn, måtte NRK snu i saka. Stong inn for nynorsken!

NO NÅR SERIEN rullar over skjermene våre, er det likevel språket som opptek publikum. Det er Ane Dahl Torp sin dialektbruk som har skapt mest brudulje på tribunen. For Dahl Torp freistar seg på trøndersk. Meir eller mindre vellukka, etter publikums meningar. Kringkastingsringen skal ikkje setje seg som overdommar for uttale i dette tilfellet, men me registerer med interesse at dialekt i aller høgste grad skaper engasjement og temperatur. Det er me glade for! Mindre glade er me for det faktum at tekstinga av serien går på bokmål.

NÅR NRK ENDELEG kjem seg ut av hovudstaden for å spele inn drama-serie, så er me takksame for at dei nyttar lokal dialekt i serien. Det går på truverdet laust når sjølv seriar som utspeler seg i meir grisgrindte strøk, på død og liv skal vere proppfulle av skodespelarar med austlandsdialekt. Men di større er då fortvilinga for at ikkje NRK står løpet ut med teksting på nynorsk. Slik Kringkastingsringen ser det, er det hensiktsmessig at program-seriar spelte inn med mange nynorsk-nære dialektar, er teksta på nynorsk. Med teksting på bokmål sender NRK signal om at dialektbrukarar er vanskelege å forstå, dei treng teknologi, og bokmål er å føretrekke sjølv om nynorsk hadde vore langt meir «naturleg» i dette tilfellet. *Heimebane* utmerkar seg som eit interessant studium i språkpolitiske mekanismar.

KRINGKASTINGSRINGEN HEIAR PÅ NRK som vågar seg ut i distriktet, men synest det er leitt at dei bommar på mål når dei har gode moglegheiter for full uttelling på straffesparket. Me gler oss likevel til neste omgang.

Det er dyrt å produsera innhold på begge målformer på papir, og endå meir kostnadskrevjande digitalt. Ei tilskotordning kunne ha sikra nynorskutgåver, meiner forlagssjef **Anne Mette Engvik**.

Auka tilskot kan vera ei løysing

- I DAG KJEM så godt som alt vi publiserer, ut på begge målformer, og vi har framleis ein klar strategi for å gjera det slik, både digitalt og på papir, seier Anne Mette Engvik, forlagssjef i Aschehoug Undervisning.

– Men det er dyrt å produsera innhold på begge målformer i ei papirverd, og endå meir kostnadskrevjande digitalt. Ei digital teneste skal vera oppdattert og stadig ha tilfang av nyt stoff, og det gjer at det blir meir komplekst og sjølv sagt dyrare å halda fram med den praksisen. I dag får vi tilskot frå Utdanningsdirektoratet til enkelte utgjevingar på nynorsk, såkalla smale fag – der elevgrunnlaget er så lite at det er vanskeleg å få økonomi i utgjevingane. Ei slik ordning kunne ein jo tenkja seg utvida, seier Engvik.

Utviklar nye tenester

Forlaget merkar godt at læremiddelmarknaden endrar seg. Engvik peikar på fleire faktorar: at teknologien har gjort inntog i klasseromma, endringar i læringssynet («eleven som produsent, ikkje konsument»), og ein pressa økonomi i skulane.

– For oss som forlag blir det avgjerande å bidra inn i utviklinga med innovasjon og nye tenester for å vera relevante også i framtida. Nokre skular vil ønskja seg heilskapar med tydeleg struktur og progresjon, andre vil gjerne plukka og miksa sjølv. Framover blir tilbodet vårt meir mangfaldig, både heildigitalt, og med papir og digitalt i kombinasjon. Vi vil tilby både heilskapar på fag og trinn, slik som dei tradisjonelle verka, men òg mindre, kvalitetssikra einingar som kan kombinerast av lærarane sjølv. Det vi ikkje vik på, er den faglege, pedagogiske og språklege

kvaliteten – og målgruppetilpassinga av innhaldet.

Ein flaskehals

– Tidlegare fanst det ei statleg godkjenningsordning. Kunne det ha sikra at alle digitale lærermiddel også kom i nynorsk utgåve?

– Eg har vondt for å sjå for meg at ei ny offentleg godkjenningsordning for lærermiddel er rette vegen å gå. Det er det fleire grunnar til. Dels fordi det i dag blir lagt meir og meir vekt på at det er læraren eller profesjonsfellesskapen som skal velja dei rette læremidla for sine elevar. Dels tenkjer eg at det ville vera ei umogeleg oppgåve å gjennomføra utan at det blei ein flaskehals. Når ein utviklar innhald suksessivt, vil det vera vanskeleg å sjå for seg at ein kan dimensjonera ei slik offentleg teneste. Når det er sagt – ei utvida tilskotsordning for digitale læremiddel kan jo tenkast å leggja føringar. Det er vel truleg, gitt rettane eleven har gjennom opplæringslova, at det som skal kjøpast gjennom ordninga, må oppfylla visse kvalitetsskrav – mellom anna at dei må liggja føre på begge målformer, seier Engvik.

KJARTAN HELLEVE
kjartan.helleve@nm.no



TUNGVINT: – Eg har vondt for å sjå for meg at ei ny offentleg godkjenningsordning for lærermiddel er rette vegen å gå, Anne Mette Engvik, forlagssjef i Aschehoug Undervisning.
Foto: Aschehoug

Peikar på ansvaret kommu-nane har

– Nøkkelen er å få skuleeigarane til å innsjå at dei har ei forbrukarmakt, seier **Synnøve Midtbø Myking**, som har undersøkt tilgangen på digitale læremiddel på nynorsk.

PÅ OPPDRAG FRÅ Noregs Mållag har Synnøve Midtbø Myking kartlagt stoda for nynorskelevar i den digitale skulekvarden. I rapporten «Rapport om digitale læremiddel i skulen med tanke på nynorsk» legg Myking fram resultat av undersøkingar ho gjorde i november og desember 2017. Rapporten er ikkje noko fullstendig oversyn over verktøya som blir nytta i skulen, eller korleis dette blir arbeidd med i alle klasserom. Funna er likevel tydelege.

– Hovudinntrykket er at dette er eit felt der endringar hender særst fort, inkludert når det gjeld kva som finst tilgjengeleg av læremiddel til kvar ei tid. Det gjer situasjonen uoversiktleg, seier Myking.

– I teorien er det inga avgrensing på kva som kan nyttast i undervisninga. I forskrifter står det tydeleg at med læremiddel meiner ein alle trykte og ikkje-trykte digitale ressursar som er utvikla for å nyttast i opplæringa. Men no kan ein nytta ressursar som i utgangspunktet ikkje er utvikla med det målet. Nokre av dei digitale verktøya vil heilt klart koma inn under den tradisjonelle

definisjonen, og mange av dei finst også i parallelleutgåver. Andre verktøy har ikkje det same utgangspunktet, men blir likevel nytta i opplæringa. Det kan t.d. vera verktøy som ungane nytta til å teikna digitalt. Desse verktøya vil ikkje falla inn under den ståande definisjonen av læremiddel. Eg fann også at mange

Ein lærar kan i praksis henta inn kva verktøy som helst, så det er ikkje gitt at verktøya er tilpassa ein norsk marknad.



Fritt fram: Ein lærar kan i praksis henta inn kva verktøy som helst inn i klasserommet.

Illustrasjonsfoto: Gorm Kallestad / NTB scanpix)

av desse verktøya ikkje fanst på bokmål heller. Ein lærar kan i praksis henta inn kva verktøy som helst, så det er ikkje gitt at desse verktøya er tilpassa ein norsk marknad.

Fell mellom to stolar

– Sidan mangfaldet er så stort, ville det ha vore ei løysing å ta vekk læremiddeldefinisjonen heilt?

– Nei, det trur eg ikkje. Det er bra å ha ein slik definisjon. Lærarane skal nå kompetanseområda i Kunnskapsløftet og vil i utgangspunktet nytta verktøy som er utvikla til bruk i skulen. Det gjer det lettare for dei å nå måla. Men det er eit gap i lova. På den eine sida har du den klare definisjonen av kva eit læremiddel er, og på den andre sida har du kjeldestoff som t.d. avisartiklar som ikkje fell inn under kravet om språklege parallellutgåver. Men no har me app-er og digitale verktøy som skal hjelpe elevane til å lesa og rekna betre. Dette er ikkje læremiddel, og dei er heller ikkje kjelder. Utviklinga har gått veldig fort, og ein kan ikkje rekna med at lovverket skulle dekka desse verktøya.

– Direktoratet peikar på at det er skuleeigar sitt ansvar å gjera denne vurderinga.

– I arbeidet såg eg nærmare på IT-planane til fleire LNK-kommunar. Nokre hadde heilt korte planar, som berre slo fast at dei ville satsa på IKT, medan andre hadde større og meir omfattande planar. Men pro-

blemstillinga om nynorske digitale verktøy er ikkje nemnd i det heile. Forskrifta seier at skuleeigaren har ansvar for dette spørsmålet og skal ha eit ansvarleg system for å syta for at dette blir rett. Men desse planane avslører i alle fall at dei ikkje har noko slikt system på plass. Det ville i så fall vore ein naturleg del av ein slik IT-plan.

– *Kva trur du grunnen er?*

– Det kan anten vera at dei ikkje er medvitne om det ansvaret dei har for å gje elevane nynorske læremiddel, eller så er dei ikkje medvitne om at desse verktøya kan falla inn under kravet om parallellutgåver. Forskrifta seier tydeleg at parallellutgåvekravet òg gjeld digitale læremiddel, men det er ikkje sikkert at alle kommunane er medvitne om det.

Har forbrukarmarkt

– *Er det tempoet som er problemet, at utviklinga går for fort?*

– Kunnskapsløftet definerer digital dugleik som ei grunnleggjande ferdighet. Eg trur mange ser føre seg at det å dela ut nettrett til elevane er ein enkel måte å oppnå dette målet på. Men så kan ein jo stilla spørsmål om kor vidt ein oppnår digital dugleik ved å trykkja på ein fargerik skjerm, i ein app som er intuitiv og ikkje krev mykje innsikt. Dette var ikkje ein del av mandatet mitt då eg skreiv rapporten, og eg trur det er smart av Mållaget å ikkje meina så mykje om dette. Personleg

noterer eg likevel at Apple har ein veldig frisk og aggressiv strategi for å koma inn i det offentlege, til liks med andre private aktørar.

– *Men det er eit teikn på at nye aktørar kjem inn i skulen, ein marknad der tradisjonelle forlag stort sett har vore medvitne om eit samfunnsoppdrag?*

– Desse nye selskapa har ikkje noko anna mål enn å tena pengar, som igjen betyr at dei vil laga nynorske verktøy om dei merkar at det er ein marknad for det. Nokkenlen er å få skuleeigarane til å innsjå at dei har ei forbrukarmarkt. Det må lagast eit system eller eit oversyn over nynorske verktøy, som t.d. kan



UTDATERT LOVVERKET: – Utviklinga har gått veldig fort, og ein kan ikkje rekna med at lovverket skulle dekka desse verktøya, seier Synnøve Midtbø Myking.

Foto: Jan Kåre Wilhelmsen / UiB

vera ei oppgåve for Nynorsksenteret. Lærarane står jo no fritt til å ta inn kva verktøy dei vil, og slik blir det moglegvis også i framtida. Men eit slikt oversyn vil i alle fall kunna hjelpe, og eg trur det ville ha vore ein marknad for det.

– *Så du peikar på kommunane?*

– Regelverket legg ansvaret hjá dei, og dei kunne når som helst seia til ein leverandør at dei ikkje kjøper inn app-en eller verktøyet om det ikkje finst på nynorsk. Men her sviktar det, dei tenkjer ikkje på det. Det er viktigare å koma i gang med digitaliseringa enn å gjera ting etter boka. Det er tydeleg at flere kommunar ikkje har det ansvarlege systemet som lova seier at dei skal ha. Her har Mållaget ein jobb å gjera, seier Myking.

KJARTAN HELLEVE
kjartan.helleve@nm.no

Denne selskapa har som mål å tena pengar og vil laga nynorske verktøy om dei merkar at det er marknad for det.

Skal oppdatere ordbøkene

Universitetsbiblioteket i Bergen (UiB) har lyst ut fem faste stillinger som leksikograf. Dei skal ha ansvaret for å oppgradere og oppdatere både Nynorsk- og Bokmålsordboka.

Institutt for litterære, lingvistiske og estetiske studium (LLE) ved UiB har sidan i fjar haust vore heimen til Nynorskordboka og Bokmålsordboka. Nyleg kom meldinga om at regjeringa legg inn seks millionar kroner til revisjon av dei to ordbøkene.

– Dette er ei gladmelding. Formelt er det Språkrådet som har fått pengane, men ein stor del av det faglege arbeidet kjem til å gå føre seg ved UiB, seier Johan Myking (biletet), instituttleiar LLE, til universitetsavisen På Høyden.

I dag er det mellom 20.000 og 30.000 fleire oppslagsord i Nynorskordboka enn i Bokmålsordboka.

– Eit ord som «skrantesjuke» finst berre i nynorskordboka. Ikkje fordi ordet ikkje er godkjent på bokmål, men fordi løvningane til ordbøkene har vore haltande. No kan ein få oppdatert dei ordartiklane som finst på begge målformer, og ein må òg få gjennomført språknormeringa frå 2012, seier Myking.

Også Språkrådet er glade for dei nye løvningane.

– Det er svært gledeleg at det kjem midlar til ein fullstendig innhaldsrevision, seier Åse Wetås, direktør i Språkrådet, i ei pressemelding.

(NPK)



Foto: UIB

Kjøper Nynorsk.no

Nynorsk kultursentrums har kjøpt domenet Nynorsk.no av Norsk Målungdom.

– Vi får den beste nettadressa vi kan ha, og Norsk Målungdom får pengar til det viktige arbeidet sitt med språkpolitikk og å engasjere fleire unge, seier direktør Ottar Grepstad i Nynorsk kultursentrums. Etter ein overgangsperiode tek Nynorsk kultursentrums over domenet 1. oktober 2018.

– Prosesen har vore prega av gjensidig tillit og god dialog. Nynorsk.no er eit svært godt domennamn, og vi er glade for at Nynorsk kultursentrums vil bruke det til glede for alle som ser etter godt og viktig stoff om nynorsk på nettet, seier leiar Fredrik Hope i Norsk Målungdom.

Nynorsk kultursentrums har satsa mykje på digitale tenester sidan det nye Aasen-tunet blei opna i 2000. No eig og driv institusjonen ni nettstadar.

– Vi må rett og slett rydde og samordne dei digitale tenestene våre, og då er Nynorsk.no perfekt, seier direktør Ottar Grepstad.

(NPK)

Foto: Bent R. Synnevåg

Nilssen-roman sold til Sverige

Den prislønte romanen til Olaug Nilssen (biletet) *Tung tids tale* er sold til Sverige.

– Eg og fleire av fleire av kollegaene mine blei heilt overvelta av det konsentrerte språket, det usentimentale og kraftfulle uttrykket og den sterke kjærleiken som lyser gjennom skildringa av livet som mor til eit autistisk barn, seier redaktør Åsa Lindström i Bonnier Forlag i Sverige om boka.

Ho seier romanen til Olaug Nilssen ikkje berre har fantastiske kvalitetar, men at boka også er eit viktig vitnesbyrd om korleis livet er for barn med autisme og deira pårørande.

Også her i landet har den vesle romanen om å vera foreldre til eit autistisk barn vekt stor interesse og fått mykje ros.

I boka fortel Olaug Nilssen både om kampen for at guten hennar skal bli sett som den han er og for at han skal få den støtta som han og familien treng, skriv forlaget i ei pressemelding.

I fjar haust blei Olaug Nilssen heidra med Brageprisen for boka. *Tung tids tale* var også nominert til Kritikerprisen.

(NPK)

– Evnar vi å gjere nynorsk like vanleg og naturleg i skulen som bokmål er det i dag, då vil nynorsk etter kvart også bli brukt meir utanfor skulen i kvardagen, seier **Khamshajiny Gunaratnam**, varaordførar i Oslo.

Vil gjere nynorsk naturleg i Oslo

OSLO KOMMUNE HAR aldri hatt nokon stor tradisjon med å drive å lyfte fram nynorsk i skulen. Det vid- og illgjetne «forsøket» der elevane skulle lære nynorsk ved å kunne velje det vekk, vart haussa opp av lokale styresmakter i byen og andre som ynskte nynorsk uvel.

Såleis vart augo våre store og mest blaute i 2014 då nestlearen i Oslo Arbeidarparti, Khamshajiny «Kamzy» Gunaratnam fremja dette i programmet til Oslo AP: «Helvta av alle lærebøkene – i ungdomsskulen i Oslo bør vere på nynorsk.»

Frå motvilje til ambassadør

– Bakgrunnen min er denne: Eg fekk tilbod om å velje vekk nynorsk (sidemål) på ungdomsskulen, seier Gunaratnam.

– Som dei fleste andre som får dette tilbodet, valde eg vekk nynorsk. Eg kjende sjølvsagt også til den generelle motviljen til nynorskens hjå andre skulelevar. Seinare byrja eg å interessere meg for og ta del i politisk arbeid. I mitt tilfelle gjennom AUF. Etter kvart tok eg til å vurdere

spørsmålet politisk: Dersom nynorsk skal finnast som offisielt språk: Skal ikkje alle lære språket? For meg vart svaret opplagt: Så lenge vi har to offisielle språk, så må samfunnet legge til rette for at vi lærer oss dei. Om ikkje, kvifor har vi to offisielle skriftsspråk då? Ja, der finst pedagogiske omsyn som gjer at elevar kan få fritak, det er greitt. Men då skal det vere godt dokumentert ut frå faglege omsyn. Eg tykkjer ikkje om desse Unge Høgre-folka som gnålar om

«valfritt sidemål»: Dei får vere ærlege: Skal vi ha, eller skal vi ikkje ha nynorsk som offisielt språk i Noreg?

– Men kvifor halvparten av alle fag med bøkene/pensum på nynorsk?

– Det slo meg at språk og språklæring mykje godt handlar om vane. At vi møter språket jamt og ser det i kvardagen, også utanfor skulen. Eg hørde om det flotte tiltaket på Holmlia, den bydelen som truleg hyser flest fleirkulturelle i heile byen. Akkurat der prøvde dei ut å gjøre nynorsk alminneleg ved å bruke språket i andre fag enn norsk. Meir skulle det ikkje til for å gjøre språket normalt, og dermed brukande for Oslo-ungdom. Såleis: Kvifor ikkje institusjonalisere det dei driv med på Holmlia til å gjelde heile byen? Eg er viss på at dersom vi gjer dette, vil nynorsk bli ein normal del av kvardagen til skulelevar i Oslo. Og kvifor skal ikkje Kari og Aisha i Oslo få lære det som Kari og Aisha lærer i Volda?

Språk er historie

– Ja, kvifor bør dei det?

– Eg kom til Noreg tre år gammal. Eg har vakse opp

*Språk er historie,
og lærer du eit
språk, lærer du
samstundes his-
toria som fylgjer
med språket.*

**Khamshajiny Gunaratnam
varaordførar i Oslo**

BÅDE BOKMÅL OG NYNORSK: – Språk er historie, og lærer du eit språk, lærer du samstundes historia som fylgjer med språket. I den norske historia er både bokmål og nynorsk, seier Gunaratnam.

Foto: Oslo kommune/Sturlason

med norsk rundt meg og med norsk i skulen. På same tid har særleg far min vore ihuga på at eg skal lære meg å snakke tamil. Ved at eg har lært tamil, har eg lært ei anna historie. Språk er historie, og lærer du eit språk, lærer du samstundes historia som fylgjer med språket. I den norske historia er både bokmål og nynorsk. Utan å lære både to, og utan å bruke både to, misser vi den historia som fylgjer med språket. Tap av språk blir tap av historie, det vil seie tap av minne. Og det er svært alvorleg. Skrift(språk) er avgjerrande for å skape eit felles utgangspunkt i ein stat, også i Noreg og då må vi ha bokmål og nynorsk.

– For eit par år sidan heldt eg eit kurs for elevar på ein vidaregåande skule i Oslo. På denne skulen hadde om lag 20 prosent av elevane fritak frå vurdering i sidemål, i praksis fritak frå undervisning i nynorsk. Eg spurde desse elevane kvarfor dei har fritak og mange av dei fortalte dette: «Det var på ungdomsskulen i 9. klasse. Norskklæraren vår

spurde kvar foreldra våre kjem frå. Vel, mor mi er frå Tunisia og far min er tyrkisk Kurdistan. Då kan du be om fritak frå nynorsk, sa læraren. Men eg snakkar jo norsk, har budd her heile livet og kan ikkje eit ord kurdisk, spurde eg læraren. Det gjer ingen ting, svara læraren: Du har ikkje vestlege foreldre, heiter Ali og er per definisjon minoritetsspråkleg og kan difor be om fritak frå nynorsk.»

– Dette er ikkje bra. Eigentleg er dette utdefinering: Skal ikkje desse ungdomane vere like norske som alle andre? Høyrer dei ikkje til den same majoriteten som flest alle andre her i landet? Det er verkeleg ikkje bra dersom dette er ein praksis i osloskulen i dag. Eg kjenner litt til dette frå mi eiga tid som elev på ungdomsskulen, men visst ikkje at dette har vore ganske vanleg. Kva gjer Noregs Mållag med dette? For vår eigen del har vi medvite auka pengebruken kraftig i skulen slik at det i alle fall ikkje skal vere økonomiske årsaker til at skulane held på med dette.

Vil starte så tidleg som mogleg

– Eg kjem støtt attende til dette: Vi kjem truleg i all tenkjeleg framtid til å vere eit folk der vi har ulike bakgrunnar og der folk har med seg ulike røynsler frå heimplasane sine. Då blir det heilt avgjerande at vi har visse felles utgangspunkt. Og det viktigaste må vere språket; at vi alle identifiserer oss med språket og såleis blir eit kulturelt kollektiv som kan leve saman og skjöne einannan.

Eg vil lage ein skule i Oslo der alle elevar både meistrar og liker nynorsk og bokmål like godt.

Khamshajiny Gunaratnam
varaordførar i Oslo

– Noregs Mållag laga nett eit flygeblad om å velje nynorsk frå 1. klasse. Her sa du ja til å bleste saka både med oppmoding om å vurdere nynorsk for borna og med bilet. Vi er ofse glade for dette og spør også: Kunne du tenkt deg til å velje nynorsk som opplæringsmål for dine eigne born?

– Hmm. Eg vil lage ein skule i Oslo der alle elevar som har gått ti år i skulen både meistrar og liker nynorsk og bokmål like

godt. Det handlar om at borna må byrje så tidleg som mogleg å lære både språka. Sjølv voks eg opp med å lære fleire språk, og det har berre vore ein fordel. Evnar vi å gjøre nynorsk like vanleg og naturleg i skulen som bokmål er det i dag, då vil nynorsk etter kvart også bli brukt meir utanfor skulen i kvardagen her i Oslo. Dét ynskjer eg for nynorsk i Oslo.

INGAR ARNØY
ingar.arnøy@nm.no

– I Noreg har vi to flotte skriftspråk. Eg vil oppmøde alle foreldre med born som skal starte i Osloskulen om å vurdere velje nynorsk som opplæringsspråk. Giip moglegheita!

KHAMSHAJINY KHAMZEBI GUNARATNAM
VARAORDFØRAR I OSLO



Magne Aasbrenn tek attval

Valnemnda i Noregs Mållag har no levert si innstilling til nytt styre i Noregs Mållag. **Magne Aasbrenn** (biletet) har takka ja til to nye år som leiar. Nestleiar **Jens Kihl** har også takka ja til attval.

Magne Aasbrenn har vore leiar i Noregs Mållag sidan 2016. Han bur i Fredrikstad, er utdanna norsklektor og har arbeidd i vidaregåande skule.

Valnemnda har framlegg om to nye styremedlemer: **Mariann Schjeide** og **Helene Urdland Karlsen**. Mariann Schjeide (53) er leiar for Norsk Bibliotekforening, kjem frå Skodje og bur delvis i Oslo, og Helene Urdland Karlsen (32) er forlagsredaktør hjå Cappelen Damm, kjem frå Voss og bur i Oslo.

Nestleiar Jens Kihl (32), journalist i *Klassekampen* og frå Oslo, tek attval. Det gjer også styremedlem **Peder Lofnes Hauge** (29) som er politisk rådgjevar for Venstre for sosialbyråden i Bergen. Han kjem frå Gloppe og bur i Bergen. Styremedlem **Inger Johanne Sæterbakk** (37) er kommunikasjonsrådgjevar hjå Norges Bondelag, kjem frå Orkdal og bur i Oslo.

Framlegg til ny 1. vara er **Marianne Granheim Trøyflat** (37) som er lektor ved Valdres vgs, ny 2. vara er **Anders Riise** (49) som er ordførar for Høgre i Hareid kommune. 3. vara **Birgitta Lim Erstrand** (29) som arbeider for den sørkoreanske ambassadøren ved Republikken Koreas ambassade i Oslo tek attval og 4. vara **Øyvind Fenne** (67), tidlegare lærar i vidaregåande skule, tek attval.



Foto: Hans Kristian Thorbjørnsen

Jan Tore Sanner held hovudtala på landsmøtet

Kunnskaps- og integreringsminister **Jan Tore Sanner** har takka ja til å halde hovudtala på landsmøtet i Noregs Mållag. Han skal tale til landsmøtet på opningsdagen fredag 13. april i Vinjehuset i Vinje.

– Det er svært gledeleg at kunnskapsminister Jan Tore Sanner kjem til landsmøtet vårt, seier Magne Aasbrenn, leiar i Noregs Mållag.

Kunnskapsministeren skal snakke om dagsaktuuelle utfordringar for nynorsken i skulen, med eit spesielt blikk på situasjonen for nynorske digitale læremiddel.

– Mållaget ser at det er svært mange digitale læremiddel som berre kjem på bokmål. Slik kan vi ikkje ha det. Difor vil vi nytte landsmøtet til å lansere ein nasjonal kampanje for å få digitale læremiddel i skulen, og det er viktig å få ein dialog direkte med statsråden om dette, seier Magne Aasbrenn.

Noregs Mållag har landsmøte frå 13. til 15. april i Vinje. Landsmøtet skal vedta nytt arbeidsprogram og markere 200-årsjubileet for Aasmund Olavsson Vinje.



Illustrasjon: Christian Krohg

ut?

ut?



Foto: John O'Nolan

- Dei nye framlegga til kjernelement har kome seg eit steg unna svadaformuleringane, men det er framleis uklårt kva eit kjernelement er, meiner leiar i Noregs Mållag, Magne Aasbrenn. Han er òg uroa for at **daningsfaget norsk** nok ein gong er svekt.

Kva er kjernelement?

ETTER AT ARBEIDET med kjernelement tok til i haust, har det vore to innspelsrundar, og no er me komne til den siste. Kjernelementa skal vere ei formulering av det viktigaste elevane skal lære i faget og er eit førearbeid til læreplanane som skal utarbeidast neste skuleår. Kjernelementa skal danne grunnlaget for utviklinga av sjølv læreplanane.

– Mållaget meiner generelt at språkføringa i forslaget er blitt meir presis, det gjev eit dokument det er lettare å lese og forstå. Likevel er det litt vanskeleg å skilje eit kjernelement frå eit læreplanmål og å sjå korleis dei to skal spele saman. Men dette håper me arbeidet med læreplanen vil klårgjere for oss, seier Magne Aasbrenn.

Saknar djupn

Han trur det er eit medvite val frå læreplangruppa å

FAKTA

NT Dei nye læreplanane i norsk skal takast i bruk 2020. Arbeidet med nye læreplanar tok til med Ludvigsen-utvalet sin NOU frå 2015, som var utgangspunktet for *Stortingsmelding 28: Fag – fordyping – forståelse. En fornyelse av kunnskapsløftet* frå 2016.

NT I arbeidet med nye læreplanar har ein introdusert eit nytt omgrep: kjernelement. Kjernelementa skal vere ei formulering av kva som er det viktigaste elevane skal lære i faget og er eit førearbeid til læreplanane som skal utarbeidast neste skuleår.

NT Hausten 2017 var det to korte innspelsrundar på innhaldet i kjernelementa. Fyrst i september, så i oktober. Noregs Mållag spela inn synspunkt både for norskfaget, musikkfaget og samfunnsfag. Siste og endelege innspel på kjernelementa er ute no og har høyringsfrist 17. april. Kjernelementa skal fastsetjast av Kunnskapsdepartementet i juni 2018.

NT I juni 2018 skal gruppene som skal utarbeide dei nye læreplanane, etablerast, og ein kan spele inn framlegg til medlemer fram til 9. april. Læreplangruppene skal starte arbeidet sitt august 2018.



hen i norskfaget?

svekkje eldre litteratur- og språkhistorie. Desse områda har blitt systematisk svekte i alle tidlegare læreplanrevisjonar og no har ein fjerna siste rest.

– No står ein att med eit norskfag der norske elevar ikkje i det heile skal møte den rike, og verdskjende litteraturarven frå norrøn tid, seier Magne. Dette går i den leia som arbeidet med fagfornyinga har peika mot sidan Ludvigsen-utvalet kom med si innstilling. Nyttreffekt var der viktigare enn norskfaget sitt bidrag til at norske elevar skal forstå bakgrunnen for samfunnet og kulturen dei lever i.

Før nynorskelevane særskild er det uheldig at planen ser ut til å vere skriven som om språklæringsituasjonen for nynorskelevane og bokmålselevane er lik.

– Nynorskelevane har delvis andre opplæringsbehov, til dømes når det gjeld språket som system og valmogelegenhet. Nynorskelevane får sjå mykje mindre av sitt eige skriftspråk, og dermed lever

dei med eit heilt anna mengdetilhøve mellom hovudmålet og andre språk, seier Aasbrenn. Dette tek ikkje planen omsyn til, hevdar han.

På den andre sida er det positivt at siste utkast har med nyare språkhistorie og ei presisering av at norsk omfattar både nynorsk og bokmål.

Dialektane ute

Når det gjeld lesing, er det openbort at mengdetrenings er viktig for å verte gode lesarar.

– Men det bør likevel vere slik at bøker på norsk og norske minoritetsspråk har ein særskild plass i norskfaget. No kan det sjå ut som om at originalspråket er irrelevant i norskfaget. I eit norskfag bør tekstar om norske/samiske/kvenske tilhøve, både i fortid og notid, ha ein prioritert plass.

Magne Aasbrenn er sjølv særleg oppteken av at dialektperspektivet er heilt ute av kjernelementa. Han meiner at å utvikle positive og

akseptérande haldningar til dialektvariasjon bør vere med.

Noregs Mållag meiner også det er kritisk at formverk er nemnt opp til og med 7. klasse, mens det i høgare trinn er ute.

– Formverk og grammatikk er ein vesentleg dugleik som bør vere med heilt til Vg3. Å ha kunnskap om formverket i sitt eige språk er eit vesentleg bidrag til språkleg meistring og dermed tryggleik. Særleg viktig er dette for nynorskelevar som er utsette for interferens frå bokmålsformverket. Grammatisk kunnskap gjer at elevane kan samanlikne mellom bokmål og nynorsk, og at dei vert medvitne om systemet i eigen dialekt og kan samanlikne det med bokmål og nynorsk. Kunnskap om formverket i norsk er altså viktig for opplæringa i hovudmål, særleg for nynorsk-elevane, men òg i sidemålsopplæringa, seier Aasbrenn.

MARIT AAKRE TENNØ
marit.tenno@nm.no

Det bør vere slik at bøker på norsk og norske minoritetsspråk har ein særskild plass i norskfaget. No kan det sjå ut som om at originalspråket er irrelevant i norskfaget.

Magne Aasbrenn

Austmannaprisen til Jens Haugan

DEN ÅRLEGE Austmannaprisen frå Austmannalaget vart i år tildelt Jens Haugan. I høve årsmøtet i Austmannalaget i Vågå laurdag 10. mars fekk Jens Haugan tildelt Austmannaprisen 2018. Han er leiar i Hamar dialekt- og mållag og er til vanleg dosent i norsk ved Høgskolen i Innlandet.

Jens Haugan var med å skipe opp att og vart leiar i Hamar dialekt- og mållag i 2011. Etter det har han synt seg som ein svært arbeidssam, iderik og engasjert aktivist. I Språkåret 2013 var det berre Oslo som hadde fleire aktivitetar enn Hamar, og det var sjølv sagt på grunn av innsatsen frå Jens Haugan.

Helen Johannessen, leiar i Austmannalaget, var svært stolt over å dele ut prisen til Jens Haugan. Austmannaprisen blir gitt frå Austmannalaget til personar eller institusjonar som i tale eller skrift har gjort framifrå arbeid for nynorsk mål og norsk kulturarv.

Jens Haugan har også gitt ut barnebok på nynorsk *No kan du sove, vesle gut*, skrive teaterstykke som er fram-



GLAD VINNER: Leiaren i Austmannalaget Helen Johannessen var svært glad for å dele ut Austmannaprisen til Jens Haugan.

Foto: Magne Aasbrenn

ført ved Vennersberg skole i Kongsvinger, og han arrangerer jamlege nynorskseminar for lærarar på Høgskolen i Innlandet. I april er det klart for det femte seminar i denne rekka: «Nynorsk i skolane og lærarutdanninga». Jens Haugan skriv songar som passar inn i den faglege undervisninga og har skrive over 500 kronikkar, artiklar og lesarinnlegg.

Språkplanar på Nordmøre

ÅRSMØTET I NORDMØRE

Mållag på Averøya var klar på at kommunane på Nordmøre i større grad må speglar det tospråklege samfunnet dei er ein del av.

– Årsmøtet vedtok ei fråsregn der dei oppmodar alle kommunane på Nordmøre om å vedta språkbruksplanar som vil vera med på å fremja bruk av nynorsk på alle område kommunen har ansvar for, seier Åsmund Ormset, leiar i Nordmøre Mållag. Dette er eit arbeidsfelt Nordmøre Mållag er svært opptekne av å få fortgang i, saman med både Noregs Mållag og LNK. I fråsegnar peikar Nordmøre Mållag på at mange kommunar ikkje ynskjer å vera ein del av ein språkkonflikt. Dermed kallar dei seg «nøytral» i språkvegen.

– I praksis vil det seia ikkje å meina noko om språkutviklinga i kommunen og ikkje å ha nokon politikk for å styra språkutviklinga i ei viss lei. Enden på visa blir at rådande stode, bokmålsdominansen, får halda fram og vilkåra for nynorsk blir dårlegare, seier Åsmund Ormset.

– Ein enkel måtte å ta til med dette, er å laga ein språkbruksplan for kommunen. Det vil gjera det enklare for kommunen å arbeida medvite for å nå målet med den nye, moderne språkpolitikken til landet, peikar Åsmund Ormset på.




PRISA: Målprisen frå Nordmøre Mållag gjekk til Lars Steinars Ansnes.

Foto: Nils Ulvund

På årsmøtet fekk Lars Steinars Ansnes målpris for 2017. Lars Steinars Ansnes er mangeårig redaktør i lokalavisa Aura Avis og er også redaktør for Jul på Nordmøre og medlem i skriftstyre for Stangvik historielag sitt årsskrift.

– Lars Steinars Ansnes får målprisen for si tydelege utvikling i målsyn og praksis. Både som redaktør og privatperson tek han ansvar for språkleg rettferdig og toleranse, seier Åsmund Ormset, leiar i Nordmøre Mållag. Omset poengterte òg at Lars Steinars Ansnes sin blogg Finnenkjærplassen.blogg.no er eit framifrå døme på nynorsk som bloggspråk. Dei siste åra har Lars Steinars Ansnes vore med på å skriva to bøker om setring og annan utmarksbruk.



GUTAD'N: Herbjørn Brennhovd (t.v.) og Knut H. Skrindo på dialektkvelden på Gol bibliotek.

Stor interesse f

Det måtte hentast inn mange ekstra stolar då Gol bibliotek og Gol mållag ein januarkveld arrangerte møte om **hallingdialekta**.

BIBLIOTEKSJEF LOUISE WITTIG og møteleiar Herbjørn Brennhovd kunne ynske rundt 55 personar velkomne. Temaet for kvelden var hallingmålet og avspeling av lydopptak med golinigar som var fødde i siste halvdel av 1800-talet og rundt år 1900.

Knut Håkonson Skrindo

Knut Håkonson Skrindo gjorde ein del lydopptak i Hallingdal på slutten av

1970-talet på oppdrag frå Regionrådet i Hallingdal. Då han fekk ordet, gjekk han først inn på noko som gjorde han tankfull og undren: Når det gjeld å redde den utryddingstruga fjellreven vår, er storsamfunnet raust, opnar pengesekken og set i verk tiltak. Det er bra. Like eins er storsamfunnet raust når eigaren av ei krasafaren steinbu langt inne i fjellet ber om økonomisk støtte til restaurering. Eigaren får attpå til lovord fordi han tek vare på ein kulturarv. Men dialekta vår, som har vore brukt og overlevert frå slekt til slekt i hundreår, skal på 40–50 år bli borte utan at storsamfunnet lyfter ein finger! Denne kulturarven som er noko av det me menneske er sterkest knytte til, som er så viktig for identiteten vår, blir borte om han ikkje blir brukt.

Bøyingsmønsteret

Mellan lydinnslaga fortalte Skrindo om grunndraga i bøyingsmønsteret for hallingmålet. Dette gjorde han på ein lettfatteleg og interessant måte, og i korte økter. Mellom anna tok han for seg «namnord som det heitte då e gjikk på skulun», eller substantiv som det no blir kalla: Eit døme var «ein gut – gut'n – fleire guta – dei gutatn/gutadn». I Gol og Hemsedal har ein brukt gutatn med -tn til slutt, og i resten av dalen har ein brukt gutadn med -dn til slutt.

Hallingmålet har dativ, som for substantiv betyr at dei får spesielle endingar mellom anna når dei kjem etter visse preposisjonar. Ein av desse preposisjonane er «te» (til). For ordet gut er dativformene gute og guto: «E gav breve te gute» (eintal) og «E gav breve te guto» (fleirtal).

Skal dialekta vår bli borte på 40–50 år utan at storsamfunnet lyfter ein finger?



Foto: Ingebjørg Rivedal

or hallingmålet

For hokjønnsord og inkjekjønnsord er det liknande bøyinger. Til dømes «ei bok – bokji – bøka – bøkatn/bøkadn». I dativ heiter det boken i eintal og bøko i fleirtal: «Det stod slik i boken» og «Det stod slik i kokebøko».

Verb blir bøygde ulikt i eintal og fleirtal. Eit døme er «E sit», men «Me sita».

«... våte på foto, det vorto me no dagstøtt»

Det som Skrindo fortalte om, fekk me demonstrert i lydopptaka: Nils O. Eiklid (fødd i 1900) fortalte om frakting av før og sa mellom anna «... so barst det av garde med karo og hesto». Der var det fleirtalsform av dativ etter «med». Seinare sa han at «... gjesleungatn heldo hamnitn reine». Han brukte -tn til slutt i ungatn og hamnitn fordi han var goling, og han brukte «heldo» fordi det var snakk om fleire gjetarungar.

Halvor J. Bakken (fødd i 1887) fortalte om då han var gjeslegut (gjetar-gut) frå sjuårsalderen av. Han hadde mange gode minne frå den tida, men hugsa også at «... våte på foto, det vorto me no dagstøtt». Her var «foto» dativ, og han brukte «vorto» fordi det var snakk om fleire gjetarungar.

Forskjellar mellom bygdene

Herbjørn Brennhovd gjorde greie for nokre variasjonar mellom bygdene. Forskjellane er små, men nokre døme er: I Hol og Ål er det blitt brukt u(lummebok) der det elles i dalen er brukt o(lummebok). Enkelte ord er ulike, mellom anna ordet for potet:

ein har sagt epplu i Nes, Hemsedal og Ål bortsett frå Torpo. I Torpo har ein sagt tøffela, og i Gol og Hol kantefølla. I Flå har ein sagt tøffel og tåffel.

Torleiv Rensel

I 1954 fekk Torleiv Rensel seg utstyr for lydopptak, og reiste rundt i Gol og tok opp samtalar med gamle folk. Dotter hans, Margit Totland, fortalte om desse opptaka. Me fekk høyre eit utdrag av opptaket med Birgit Velta (fødd i 1866 og kveldens eldste). Ho fortalte om oppvekst, skulegang og at ho tidleg var ute og tente. Også ho brukte dativ og bøygde verb i eintal og fleirtal. Etter ei av setningane sine la ho til «..., då måta». «Måta» er ei forkorting for «må veta». Dette uttrykket har vore mykje brukt tidlegare, men færre brukar det no.

Oppgåver for publikum

Knut H. Skrindo og Herbjørn Brennhovd hadde laga til oppgåver som tilhøyrarane fekk løyse i grupper rundt borda. Setningar på nynorsk skulle omsetjast til halling. Gjennomgangen av svara tydde på at mange i forsamlinga kunne dialektisk godt frå før, eller hadde lært mykje denne kvelden. Eit døme er «Eg gjikk bort til granneungane for å leike, og vart verande der resten av dagen». På halling vart det «E gjikk burt te granneungo før å leike, å vart væran dær reisten tå dagji».

Opptaka som Knut H. Skrindo og Torleiv Rensel gjorde, kan lånaust i biblioteka i Hallingdal.

INGEBJØRG RIVEDAL
Gol mållag

NL LANDET RUNDT

NY LEIAR I VEST-AGDER MÅLLAG: Marit Fjordheim er vald til ny leiari Vest-Agder Mållag. Ho er 61 år og i dag leiari i Iveland Mållag. Ho har vore målkvinne sidan unge år. Ho var leiari i Norsk Målungsdom i 1985–86 og har tidlegare sete i valnemnda i Noregs Mållag.

NY LEIAR I TRØNDERLAGET: Vidar Lund er vald til ny leiari i Trønderlaget. Han er 45 år gammal og er biblioteksjef i Levanger kommune. Han har tidlegare sete i sentralstyret i Norsk Målungsdom og var ei kort tid også leiari i Noregs Mållag.

GOD AKTIVITET I HØYANGER: Kyrkjebø Mållag er lokallaget i Høyanger kommune. Siste året har dei hatt fleire vellukka tilskippingar. Dei har hatt ein kultur- og salmekveld i Kyrkjebø kyrkje der nynorske salmar frå Martin Luther til Jon Fosse stod på programmet. Prost Geir Sørebo kåserte om reformasjonsjubileet. Magne Sagerøy og Aase Ryssdal Sæther spela harpeleik og nykkelharpe til stor glede for dei frammøtte. I haust inviterte Kyrkjebø Mållag til ein bokkveld der Rune Timberlid snakka om sitt forfatterskap. Kyrkjebø Mållag har kjøpt inn bokpakk med nynorske barnebøker til alle barnehagane i kommunen. No planlegg laget å få til ein song- og musikkveld i stovene på Klævold i september der jubileet for Aasmund Olavsson Vinje vil bli markert.

MÅLPRISET TIL BRYGGERIET I LIABYGDA: Trollbryggeriet i Liabygda er tildelt Nynorsk næringslivspris 2018 frå Stranda Mållag. Utmerkinga skal fremje innsats for og bruk av nynorsk i næringsverksmed, melder Sunnmøringen.

– Vi har trass alt Slogen som merkevarer, og då kviler Ivar Aasen si ånd over det vi gjer, seier ølbryggjar Jørund Ringset til Sunnmøringen.

MÅLPRISET TIL CLAUS SELLEVOLL: Alversund Mållag har gjeve målpriisen for 2018 til Claus Sellevoll for sin store innsats med å fremje nynorsk og strilekultur. Skodespelaren står i desse dagar på Hordaland Teater som ein av fem i musikkstykket «Heim». Og framsyninga er ein braksuksess. Folk kjem frå Sogn og Fjordane og heile Hordaland til Bergen for å sjå «Heim».

FORFATTARMØTE PÅ VESTNES: I starten av mars inviterte Vestnes Mållag til forfattarkveld med forfattar Edvard Hoem på Myra kulturhus. Han las og fortalte frå dei fire siste bøkene sine.

MÅLPRISET TIL SKJALG LONGVA: Ørsta Mållag gjev Skjalg Longva målpriisen for 2018. Skjalg Longva har 20 år bak seg som journalist og redaktør i Møre-Nytt. Dei siste åra har han vore skribent for fleire sogeskrift. Juryleiar Terje Kjøde la vekt på at kvalitet er det som kjenneteiknar språket til Skjalg Longva. Det gjeld det stilistiske, og det gjeld det formelle.

– I løpet av 20 år i Møre-Nytt skrev Skjalg Longva ein stad mellom 40.000–50.000 A4-sider. Det vil seie seks–ti sider pr. dag, har Kjøde funne ut. Alt var sjølv sagt på nynorsk, ifølgje Møre-Nytt.

– Det seier litt om produktiviteten og arbeidskapasiteten. Han var ingen åtte-til-fire-journalist, og det kosta.

MÅLPRISET TIL CARL FRODE TILLER: Carl Frode Tiller har fått Trønderlaget sin Målpriis. «Carl Frode Tiller har tilført Trøndelag og resten av landet stor litteratur. Han er no den fremste nynorsk-forfattaren i Trøndelag. Han har spreidd nynorsk i nye krinsar og har ein stor lesarflok. Heile produksjonen hans er på nynorsk», heiter det i grunngjevinga frå Trønderlaget. Prisen vart delt ut på årsmøtet i Levanger laurdag 3. mars.

MØTTE LURIVAR: Nyleg har 140 femåringar og 30 vaksne frå 11 barnehagar møtt Lurivar, sjølvaste tunkatten i Ivar Aasen-tunet. Det skjedde ikkje i tunet hans heime i Hovdebypa, men i Kulturstova i barnehagen Barnas Vel, der Synnøve Marie Sætre har gitt borna ei fin og fantasivekande oppleving med nynorskframsyninga «Bok, boks, bokstav». Framsyninga er ei gáve til barnehagane frå spleiselaget Ørsta Mållag, Ørsta kommune og Nynorsk kultursentrums.

MÅLPRISET TIL HELGA MANNSÅKER: På årsmøtet i Odda Mållag fekk Helga Mannsåker heider for å vera mellom dei som har argumentert sterkest og mest overtydande for Odda-modellen; ei ordning for ein språkdelte ungdomsskule. Prisen er trykket «Bokstavflygarar» av Solfrid Aksnes. Mannsåker har ved fleire høve stilt opp for både Odda Mållag og Noregs Mållag og snakka for språkdelte ungdomsskular.

«Helga Mannsåker har i alle år vore ein medviten og reflektert nynorskbrukar. Med sitt venlege, varsame og vinnande vesen er ho i dag mellom dei fremste nynorskambassadørene i landet vårt. Me er stolte av at ho kjem frå Odda og at ho er medlem i Odda Mållag», heitte det i grunngjevinga.

Ein bokklubb med omsette klassikarar i påkosta innbinding høyrest ikkje ut som ei vinnaroppskrift. Men forlaget **Skald** satsar på at lesarane vil ha kvalitet.



Kvalitet i alle ledd

DET VAR FIRE nominerte bøker til Kritikarprisen 2017 for beste omsetjing. To av dei kom frå det vesle forlaget Skald i Leikanger. Det var difor ikkje noko oddsbombe at dei stakk av med prisen. Øystein Vidnes vart heidra for omsetjinga av *Tre kvinner* av den austerrikske forfattaren Robert Musil.

– Eg synest sjølv sagt at det var veldig kjekt, seier Vidnes.

– Særlig fordi boka er ein del av eit prosjekt som eg har tru på. Det kjennest som ei anerkjening av denne serien som eg er involvert i, og eg håper dette kan gjera at bøkene kan nå ut.

Serien Vidnes referer til er Skalds klassikarar. Forlaget har sidan 2016 gitt ut høgdepunkt frå verds litteraturen i nye omsetjingar. Både Beckett, Kafka og Flaubert har kome i ny drakt. Grunntanken er at det skal koma tre bøker i året; ei bok til jol, ei til påske og ei til sommaren. Jon Fosse har sett om fleire av bøkene, og Margunn Vikingstad var nominert for omsetjinga av *Madame Bovary*. Vidnes har også sett om *Frankenstein*, og er også formgjevar av omslaga. Arbeidet med 2019-bøkene er alt i gang.

– Det at Øystein vann denne prisen, syner at dette er noko meir enn berre eit nynorsk alternativ, seier forlagssjef Simone Stibbe.

– Prisen vitnar om at omsetjinga er veldig god. Slik når me utanfor den vesle nisjen som me i utgangspunktet må halda oss til fordi ein del av verka alt finst i eldre omsetjingar på bokmål. Kvalitet i alle ledd er eit veldig viktig stikkord her, seier Stibbe.

Det poenget gjorde at omsetjinga av den prisvinnande boka vart utsett eit halvt år. Mars, vart til mai, og mai vart til oktober.

– Det var mykje pirk med denne omsetjinga, det tok lang tid, seier Vidnes.

– Ein set i gang full av mot, og så ser ein at det går som lus på tjærkost. Då måtte eg berre seie at eg ikkje trur me vert ferdige i mars, og ikkje i april og ikkje juni. Punktum vart sett i oktober. Denne gongen var det vanskeleg på setningsnivå å forstå heilt kva originalteksten seier. Nokre gonger er

FAKTA

- Skalds klassikarar
- serie med omsett verds litteratur
- kjem også ut i bokklubben «Nynorske klassikarar» som Skald driv
- Øystein Vidnes fekk nyleg kritikarprisen for omsetjinga av *Tre kvinner* av Robert Musil

det litt tvitydig, og då må ein greia å lata det vera tvitydig i staden for å tolka det i hel. Nett i dette tilfellet trur eg andre omsetjingar har bestemt seg for å forklara meir kva Musil eigentleg meinte. Men eg meiner det vert feil. Eg prøver å tenkja: kan eg stå for den setninga som forfattar? Eg trur for mange omsetjingar lener seg for mykje på ei veldig almenn språkform som ikkje torer å vera særeigen. Dei vert for runde.

– Er du uroa for å bli teken i feil?

– Nei, men du veit jo at ho vert lesen av nokon som kjenner Musil godt. Men det er ikkje dei ein rettar seg mot. Ein rettar seg mot lesarar som er nysgjerrige og som møter teksten for fyrste gong. For å ta eit eksempel: Eg tenkte at det er eit problem i originalen at hovudpersonen heiter Homo. Ein kan ikkje skriva ei bok i Noreg der hovudpersonen heiter Homo. Men så må ein jo vera tru mot teksten, for han har ein idé med å kalla hovudpersonen sin det. Så då valde eg heller å forklara det i etterordet, fortel Vidnes.

DET ER EIT ambisiøst prosjekt det vesle forlaget har gitt seg ut på. Omsett litteratur er ikkje noko gullgruve, og sjansen for at bøkene kan hamna på bestseljarlista, er relativt liten. Men utgangspunk-

tet er ikkje å tena pengar. Det handlar om å gje lesarane sjansen til å møta verds litteratur på sitt eige språk.

– Eg hadde tenkt på dette ei stund, fortel Stibbe.

– Som tyskspråkleg vaks eg opp med at det fanst verds klassikarar på mitt morsmål, og eg tenkte at det var rart at dei ikkje fanst i nynorsk språkdrakt. Så jobba eg med Jon Fosse på andre prosjekt, og i ei bisetning ymta han frampå om at det burde koma ein serie med verds klassikarar på nynorsk. Dermed var dialogen i gang. Samstundes kom ei endring hjå Kulturrådet som gjorde at dei støttet redaksjonelle satsingar. Det var flaks for oss, og me har fått veldig god stønad derifrå.

– Det luktar tidleg Samlaget av dette, med bokklubb og formidling av verds litteratur.

– Dette er ein måte å utvikla eit språk på, språket blir utfordra. Om eit språk ikkje blir nytta til å setja om bøker, blir det på ein måte eit slags innavla språk. Det er ikkje sunt. Samstundes ynskjer me også å syna fram noko av den fantastiske litteraturen som finst der ute. Robert Musil er den store austerrikske forfattaren; han er Austriks sitt svar på Kafka. Likevel er han lite kjend i Noreg. Det kan moglegvis koma av at den omsetjinga som finst av hans mest kjende verk, *Mannen utan eigenskapar*, blir oppfatta som litt tung. Her kjem styrken til nynorsken inn. Nynorsken er på mange måtar friare. Ein må laga konstruksjonar sjølv. Men me slit litt med at rettane for utgjeving på norsk er selde til andre forlag i Noreg. I det ligg det at forlaget har kjøpt rettane til omsetjing til ei norsk utgåve, ikkje ei utgåve på bokmål. Det gjer at me ikkje kan få rettane til å gje ut den nynorske omsetjinga. Dette er jo ei kjend problemstilling frå nokre meir kommersielle tilfelle, som Astrid LinCren sine verk.

– Tek forlaget ein sjanse her?

– Omsetjingar tek tid, og arbeidet startar lenge før me veit om me får stønad. Så då tek me nokre sjansar. Med tanke på innkjøp



UTVIKLING: – Dette er ein måte å utvikla eit språk på, språket blir utfordra, seier Øystein Vidnes og Simone Stibbe.

Foto: Kjartan Helleve

til dømes, så kunne ein kanskje tru at heile serien blir kjøpt inn og at ein berre kan køyra på, men slik er det ikkje. Innkjøpet til denne ordninga blir vurdert før omsetjinga er ferdig. Prisvinnaren *Tre kvinner* t.d. vart ikkje innkjøpt. Men me kan ikkje venta at Kulturrådet vil kunna halda fram med å støtta dette like mykje i all framtid.

– **Kva er løysinga?**

– Me starta den bokklubben Nynorske klassikarar i fjor. Me veit me har eit godt produkt, men salet er likevel lite. Me snakkar om 300 bøker fyrste året, så det er ikkje slik at det er sjølvfinansierande. Men medlemene er veldig dedikerte, og mange kjøper alle bøkene. Dei kjøper ofte ikkje enkeltbøker, men vil ha heile serien. Medlemene er dei fyrste som får bøkene i posten, og då er det skikkeleg nisseverkstad. Me pakkar bøkene sjølv og sender dei ut før alle andre. Me er eit lite forlag som gjer alt sjølv. Til no har me underkant av 150 medlemer, og me treng fleire om me skal klara oss framover.

– **Kor stor del av forlagsdrifta er denne serien?**

– Det er budsjettert med tre månadsverk, men det er i praksis alt for lite. Så mykje arbeid skjer på dugnad på kvelden. Skulle Kulturrådet ha mått støtta det arbeidet verkeleg kostar, så hadde dei nok ikkje kunna gått inn i det. I grunnen er dette noko av det minst lønsame du kan gjera. Du har ikkje ein gong ein kjend lokal forfattar som du kan selja litt av fordi folk kjenner henne.

– **Då er vel Kritikarprisen ei ekstra løn for arbeidet?**

– Ja, og så er det no ekstra fint då at me fekk pris for ei bok som innkjøpsordninga ikkje ville kjøpa inn. Då får me vist at me veit kva me driv med.

– **Og litt kjekt at det ikkje var Fosse som fekk prisen?**

– Fosse kunne godt ha fått prisen for Kafka-omsetjinga si, for den er verkeleg bra. Men *Tre kvinner* er utanom det vanlege, det merka eg alt i den redaksjonelle prosessen. Det vart veldig bra, og med heilt geniale løysingar. Når eg som er

tyskspråkleg, gløymer at teksten originalt er skriven på tysk, då har omsetjaren lukkast.

– I tillegg er bøkene veldig fine i seg sjølve, ei slags blanding av pocketbok og innbundne bok?

– Ja. Det er ikkje pocketbøker, bøkene er sydde og difor like haldbare som vanleg innbundne bøker. Det er ei innbinding som er ganske unik, og det er kanskje noko av det eg er mest stolt av når det gjeld utforminga av serien. Dei er veldig stødige på grunn av tekstilen på omslaget og at dei er sydde, men samstundes er dei veldig lette å ta med seg. Ein tydeleg visuell profil gjer at serien skil seg ut. Dette er både takk vera Øystein Vidnes som designar og Andreas Töpfer som har laga dei geniale illustrasjonane. Det er ikkje berre eit bilet, det er fleire om du ser etter, det ligg veldig mykje meir i dei. I fjor fekk me diplom under «Årets vakreste bøker» for dei to fyrste utgjevingane. Det er kjekt å sjå at serien treffer på ulike plan: både nynorskentusiastane, dei som er bibliofile og dei som les bøker på kafé.

KJARTAN HELLEVE
kjartan.helleve@nm.no



MÅ EIN HA KULTUR FOR LÆRING!

I Fjord1 er vi opptekne av å utvikle oss heile tida. Ikkje berre som organisasjon, men òg med tanke på kvar einskilt sin kompetanse. Og ikkje minst treng vi

stadig nye folk til dei mange spennande oppgåvene vi skal løyse på dei norske fjordane. Vi vil gjerne kome i kontakt med deg for å sjå om det kan vere ein

jobb som kunne passe nettopp deg og din kompetanse. Fjord1 er så mykje meir enn berre miljøvennlege ferjer og gode sveler!

VISSTE DU AT ...



... Fjord1 vart kåra til **Årets Opplæringsbedrift** innan maritime fag i 2016

... vi er nominerte i år igjen



... til saman har vi i løpet av eit år om lag **120 opplæringsstillingar** i kortare eller lengre periodar

... kompetanseområdene våre spenner frå miljøteknologi, forretningsutvikling, HR og IKT til strategi, catering og økonomi/finans



... Fjord1 er **Noregs største ferjereiarlag** med om lag 1200 tilsette over store delar av Noreg

... i 2017 tilsette vi heile **281 nye medarbeidrarar**, derimellom 19 nye i administrasjonen



... vi tilbyr spennande traineestillingar



... vi har til ei kvar tid **60 lærlingar på 35 opplæringsfartøy** i konsernet, fordelt på 35 personar på matrosfaget og 25 personar på motormannfaget



søk ledige stillingar på **fjord1.no** og følg oss på Facebook og Instagram

... for tida har vi **15 kadettar**, der fem av dei er maskinkadettar og ti av dei er dekkskadettar

... framover er det mellom anna **stort behov for maskinistar** på sjø



VÅRE VERDIAR:

STOLTE • OPNE OG ÆRLEGE • PÅLITELEGE • GODT HUMØR • TEAMÅND • LØNSAME

www.fjord1.no

Tom Roger Aadland: – Det er når eg skriv songar, at eg føler eg gjer mest nytte for meg på kloden. Musikk er den klingande manifestasjonen av ein viktig del av meg, ja – av alle menneske.



NYTT ALBUM: Tom Roger Aadland er aktuell med sitt sjuande album, kalla «Songfugl», der han byrja i den lyse enden og nærmar seg popverda – etter å ha blitt unisont hylla for Dylan-gjendiktingane sine og mørke eigne utgjevingar.

Foto: Gitte Johannessen / NTB / NPK

– Eg ser lys og mørke i nesten alt

DENNE TRUA PÅ at musikk kan vere viktig, er god å ha når legekona jobbar i Afrika med tropiske parasittsjukdommar – og reddar liv.

– Vi tok diskusjonen då vi møttest som 18-åringar, og respekterer vala til kvarandre, seier Tom Roger Aadland om kontrastane i yrkesval. Som gjer at han bur i Noreg – og ho i Afrika. Det er henne han hyller i kjærleikserklæringa av ein song kalla «Alle dei i ei».

– No spelar andre den til konene sine. Då blir du glad og audmjuk, smiler han.

Publikum viktigare

Same trua på betydninga av musikken gjer at Aadland har like stor respekt for ein seksåring som spelar tonane sine – som når tusenvis av publikummarar kan teksten og syng med på «20 år på vegen», låten han skreiv til Hellbillies.

– Men det er eit kick, meīir Aadland om det sistnemnde og påpeiker at massepopularitet er «ein fantastisk del av popmusikken og popmagien».

– Kva hadde vel Beatles vore utan?

Aadland seier han har drøymt om eit større publikum. Med det nye albumet «Songfugl» tar han eit steg nærmare, der han er lettare, lysare og meir melodisk i songane han leverer.

FAKTA

■ F. 1964 i Haugesund, busett i Oslo.

■ Norsk låtskrivar, tekstforfattar, vokalist og gitarist.

■ Debutalbumet *Obviously Embraced* vart innspelt i Irland i 2007 med irske toppmusikkar og Van Morrisons produsent.

■ Etter multimediaturneen «Pictures in Rock» med fotograf Fin Costello, vende Aadland seg til Dylan og laga den nynorske gjendiktinga *Blod på spora* (2009).

■ Deretter følgde albuma med eigne songar, *Det du aldri sa* (2011), *Floyel og stål* (2012) og *Rapport frå eit grensehotell* (2015), før det på ny – med ny godkjenning frå Bob Dylan – vanka gjendikting, då *Blondt i blondt* (2016).

■ Aktuell med albumet *Songfugl*, som kom 1. mars.

– I trekanten musikkarar, presse og publikum merkar eg at publikum betyr meir og meir. Dei to andre har eg alltid hatt, seier han rett ut – med rette: Både kritikkarar og medmusikantar har hatt stor sans, enten det er for hans heilt eigne låtar eller to omgangar med Dylan-gjendiktingar. *Songfugl* har allereie fått sine første tarningfemmarar.

Som symjetak

Denne gongen bestemte Aadland seg for å begynne i den lyse enden, tenkje pop og gå utanfor eigen komfortsone. Han kallar det «symjetaksfilosofi», der det gjeld å gjere ei ny og annleis rørsle for å komme framover.

– Eg ser lys og mørke i nesten alt. Men det er vanskelegare å skrive kort og lyst. Eg veit eg kan skrive ti minutt lange låtar som held, derfor er ti låtar på 40 minutt ein milepåle, seier Dylan-gjendiktaren og legg til:

– Lyset i låtane nådde musikarane eg spelar med, og ein av dei sa det var «songar som var lette å forstå».

Aadland meiner at der albuma hans før har vore oljemåleri, er *Songfugl* som ein akvarell – der han måtte måle raskt, før det tørka.

– Som Karl Erik Harr sa då nokre meinte han var for produktiv: «Du må ha god teknikk for å måle fort». Eg har gradvis fått meir sjølvtillit, og vågar å vise meg litt meir. Felles for

mange av desse låtane er at dei kom hurtig og inspirert.

Gjestemangfold

Han tok sjansen på å kalle sitt sjuande album *Songfugl*, etter låten som har det fulle namnet «Om du var ein songfugl». Men seier til NTB:

– Det er så mange argument mot tittelen. Men eg likte klangen, og at den var kort, og speglar av det melodiske som pregar alle songane. Så kan folk tenke det dei vil.

Å høre blir Hellbillies-gitarist Lars Håvard Haugen, som spelar opp på «Moskusen på Dovre». Anne Lise Frøkedal i duett på «Skal eg tilgje», medan Ingrid Andsnes tar klassisk piano fatt på «Det vakraste ordet». Oslo Strings lyder plata gjenom, arrangert av Lise Voldsdal – medan Lars Voldsdal er produsent.

Bandet er kremlaget Kjetil Steensnæs på gitar og Tor Egil Kreken på bass, dei er også to tredelar av aktuelle Darling West. Erland Dahlen på slagverk og meir til, medan Sigbjørn Apeland spelar orgel og harmonium.

No ber det ut på sleppeturné for Tom Roger Aadland, som 1. mars startar den 17 konsertar lange «Songfugl»-turneen i Bergen og spelar land og strand rundt til uti april, med band så vel som solo.

GITTE JOHANNESSEN
NPK

Kven var den historiske Storegut som inspirerte **A. O. Vinje** til å skriva diktverket sitt?

Storegut – kjempekaren som ikkje vil døy



OLAV OLAVSSON EDLAND blei fødd på garden Nordigard i Edland, eller Æddan som bygdefolk seier, i 1764. Han blei burte då han låg og gjette buskap nordi Bordalen sumaren 1791. Bygdefolk har i alle år etterpå hørt soger om Olav Edland. Då Aasmund Olavsson Vinje gav ut diktverket om *Storegut* i 1866, blei soga om kjempekaren kjend langt utanfor heimtraktene, ja over heile landet.

Slik opnar Vinje sitt store diktverk om *Storegut*:

*Og Olav het son, og Olav het far.
Det Olav på Olav var,
so lenge som det var spurd til mann
som eigar av Nordigard.*

Dette stemde også då eg voks opp i bygda på grannegarden Nigard på 50–60-talet. Eigaren i Nordigard heitte Olav. Bygdefolk på den tid hadde hørt mange soger om kjempekaren som var den sterkeste i bygdene i Øvre Telemark, og han viste også styrken sin i Setesdalen der det var mange som trudde dei var kjempekarar. Då Vinje gav ut diktverket sitt, fekk bygdefolk også meir stoff til sogene om Storegut.

AASMUND OLAVSON VINJE var fødd i 1818 ikkje langt frå der Olav Edland, Storegut, var fødd og voks opp 54 år tidlegare, og Storegut blei burte i Bordalen 27 år før diktaren på «Plassen» blei fødd. Aasmund og far hans, Olav, var såleis kjende med folk som kunne ha møtt Storegut og folk i familiens hans. Dette gjeld særleg far til Storegut, Olav Edland, som blei kalla «Blodtapparen» fordi han var så flink til å årelata folk. Gamle Olav døydde i 1815. Vinje skriv litt om dette i føreordet til

boka. Han var omgangsskulelærar i Smørklepp og Grungedal i 1836–1841.

I føreordet i 1866 skrev Vinje: «Det er ei sann soga som stend i denne boki». Han gjer lesaren merksam på at han har forandra ein del gards- og personnamn, men Storegut og far hans er sette til med rett namn og alt – slik dei var. «Far min kunne minnast dei både tvo», skriv Vinje. «Dette at soga er sann i sine store drag, er det som etter mi meinung må gjeva diktet mest verd, for smak og stil skifter om, men historiske grunnemne varer», skriv Vinje. Og han held fram: «Det er no elles ikkje verdt å gilda seg meir enn godt gjer, for det er ikkje sagt at eg klårt og skirt kan setja fram detta folkelivet, med alt det at eg er oppfødd i det og hørde det utmåla av far min og andre gamle folk, men at den utvortes historie er sann, det veit eg».

Etter Storegut kom burt, blei det fortalt mange soger om kva som kunne ha skjedd, og det dukka også opp viser. Dette var ikkje så rart. Det var på slutten av 1700-talet og ikkje uvanleg at folk blei «bergtekne». I Seljord hadde folk hørt om Guro Heddeli, og Margit Hjukse var kjend i Bøherad. I 1867 gav Vinjes skulekamerat og ven frå Skien, Henrik Ibsen, ut diktverket om Peer Gynt som også blei bergteken og møtte sjølvaste Dovregubben.

VINJE HADDE ALTSÅ nesten fyrstehandskjennskap til å skrive om Olavane på Nordigard. Boka er eit diktverk om Storegut, men nesten like mykje om far hans, som også fekk ein tragisk lagnad. Alt gjekk nedover med gamle Olav då eldste sonen blei burte. Dette har også kome sterkt fram i diktverket.

Her finn vi også sterke fine naturdikt som Griegs musikk har gjort endå sterkare. Diktet «Det syng for Storegut» har i vår tid blitt ei populær vise som mange artistar har spela inn under tittelen «Den dag kjem aldri at eg deg gløymer». Vinje har også teke med ein del historisk hendingar slik som klagferd til Kongen i København og bondeopprøret til Kristian Lofthus. Her er det nok diktaren A.O. Vinje òg som skriv og ikkje ein faghistorikar.

Kven var så den historiske Storegut?

FLEIRE HISTORIKARAR HAR skrive om han, særleg Rikard Berge, men også Johannes Skard og Eivind Kvaalen. I bygdesoga *Vinje og Rauland* har Rikard Berge eit kapittel om Storegut, og i 1906 gav han ut to hefte av *Syn og Segn* som handla om Storegut og slekta hans. Johannes Skard har eit kapittel om Storegut i *Gamalt or Sætesdal*. Eivind Kvaalen frå Haukeli var historikar og konservator som gjorde studiar om Storegut, men han har ikkje gjeve ut noka eige Storegut-bok. Myke av det eg skriv om den historiske Storegut, byggjer på det desse fagfolka har skrive og det «gamlelæraren» i Edland, Harald Vågslid, fortalte.

Vi byrjar med far til Storegut, «Olav sjølv», som Vinje kallar han. Gamle Olav, Olav Nordigard Æddan var fødd i 1737 og han døydde i 1815. Han og kona Torunn hadde ti born. Eldstesonen heitte Olav, og han blei seinare kjend som Storegut for han var så stor og sterkt. Olav Olavsson, Storegut, Edland var fødd i 1764 og han kom burt sumaren 1791 då han låg med drift i Bordalen.

Gamle Olav var også sterkt. Ein gong var han på reinsdyrjakt med Jon Breive, og då bar han



STOREGUT PÅ EDLAND: Etter mange års arbeid kunne Ragnvald Christenson i 2016 endelig avduka statua av Storegut på Edland. Kjell Grette Christensen er kunstnaren bak verket.

Foto: nybilder.no

heim tre simler i taug på ryggen. Det blei fortalt at han «fangtoks» med Sterke-Nils då dei var på «Eksersis på Dalen». Då kasta han Sterke-Nils to gonger sjølv om denne meinte det var ingen i «den norske krona» som tok han. Gamle Olav fekk tilnamnet «Blodtapparen» fordi han var så flink til å årelata på sine eldre dagar.

Storegut vokst tidleg til – stor og sterk – og vart ein gjetords kar. Han lyfte Haddemoballen då han gjekk og las; Storegut møtte for presten i lag med Knut Sudigard og Aasolv Åddan. Dei var heller ikkje smågutar. Landstad skriv om Aasolv Åddan:

I Vinje sokn er høge nutar
og kjempekarar og gasta gutar,
men Aasolv Åddan er god som ti
på Kungsberg markna'n
der gjeng han fri.

MEN LIKEVEL KASTA Storegut både han og Sudigarden kor han ville då dei drogs på kyrkjevegen. Det blir fortalt mange soger om Storegut. Mest kjend er då han leika med ein saltsekk, som om det var ein liten mjølpose. Ein gong det var Manntal på Dalen sat vinbyggjane og mobyggjane og kytte av kven som hadde den sterkeste karen. «Ja, me heve no den beste karen i Mo - Knut Hakeson», sa mobyggjane. Då meinte Knut Sudigard – «Nei, beste karen heve me no i Grungedal, ikkje berre fe desse bygdene, men fe heile Norjis land, Storegut». Kvar mann la fram to danske skillingar og ein pott brennevin før det barka i hop. I fyrsten såg det ut som mobyggjane skulle vinna med Hakeson, men då sette Sudigar den i – tak! Då var det som det før noko vondt i

Storegut. Han skaut Hakesonen over manneringen så buksa sprakk og han låg i ei usse. Seinare var det ingen som gat at dei var sterkare enn Storegut. Ein gong han var i militæret, var det ein svenske som kytte og sa dei måtte koma ti norske «gossar» om dei ville. Då sa norskane – ja, her er ein. Og Storegut slengde svensken over manneringen så lett som berre det. Etterpå gav svensken Storegut ein dalar for karstykket. Om sumarane låg Storegut med drift slik han gjorde i 1791. Den sumaren var han i eit brudlaup i Nordigard og der kom han i krangsel med Romtveiten, og dei kom med ulike skuldingar mot kvarandre. Fjorten dagar etter brudlaupet blei Storegut burte på Storegutvollen. Han blei aldri funnen att. Han blei sannsynlegvis drepen av uvenen. Det blei leita etter han til fannyttes. Bygdefolk meinte han var drepen av Romtveiten. Eivind Kvaalen meinte det var eit justismord, det var eit bestillingsverk frå Futen i Kviteseid som var avslørt for ulovlege økonomiske transaksjonar. Futen skulle då ha fått ein «torpedo» til å drepa Storegut så han ikkje skulle avsløra Futen.

DET SOM ER sikkert, er at Storegut blei burte og at det ikkje er oppklara kva som skjedde. Storeguts forsvinning er såleis ei uløyst kriminalsak frå 1791. Seinare dukka det opp ei vise som fortalte korleis det hadde gått til. Både Landstad og Rikard Berge har skrive ned denne visa som kan skje er dikta av morgedølen Jørund Byggland. Det har også blitt sagt at det var Romtveiten som dikta visa for å bli frikjend. Han skal ha sagt då han låg for døden: - «Takje' n, takje' n Storegut av bringa mi. Han ligge so tunge på a»-

Slik lyder visa:

Eg sko fortelje hossi det gjekk ti.
Samta, sudelu, samta sudellulua, samte sia
Eg va nordi Bordalen å gjette mitt fe.
Samta osv.

Å best som eg vakta bunøytte mitt
Då kom ei gjente mæ häret so sidt.
Her stand du Olav og gjeter ditt fe
Kom heller inn i berget te meg
Å danse med meg
.....

So baud o meg sita so sette eg meg ti
So baud ho meg drikke, so drakk o meg ti.
Den drykkjen eg drakk var ikkje stor
Då gløynde eg burt både kyrkje og prest.
I berget heve du vore,
I bergji æ du enn
Å aller kjem du te Åddans grenad.

Lensmann, fut eller politi har ikkje stadfest at Storegut er bergteken, så saka er og blir ei uoppklara kriminalsak.

I 2016 KOM Storegut heimatt til Åddan – 225 år etter han blei burte. I dag står han i Nordigard attmed Edland skule og skodar utover bygda mot Ravneberg slik han gjorde i 1760-åra. Det er mange som seier han er lik seg, og han er stadig kar om å bergtaka mange. Kunstnaren har laga ein «livande» som mange er glade for har kome heim til bygda.

(ÅSÅV ÅDDAN)
ÅSULV EDLAND

Artikkelen har tidlegare stått på trykk i Jol i Telemark 2017.

Ein stor vitskapsmann er gått bort

PROFESSOR KJELL VENÅS døydde 7. mars, vel 90 år gammal. Han var fødd i 1927 og vokt opp i Hemselv, der han var odelsgut. Han tok lærarprøva ved Volda offentlege lærarskule i 1954 og eksamen artium ved Voss offentlege landsgymnas i 1956. Deretter studerte han filologi ved Universitetet i Oslo og tok cand. philol.eksamen i 1960 med nordisk hovudfag og engelsk mellomfag, attåt lærarprøva frå tidlegare. Det var den språklege sida ved morsmålsfaget han kom til å samla seg om. I 1967 tok han så doktorgraden med ei avhandling om sterke verb i norske målføre.

I 1966 vart Venås universitetslektor i nordisk målvitskap ved Universitetet i Oslo og arbeidde som dosent frå 1970 til 1972. I 1972 overtok han så det tradisjonelle målprofessoratet som vart skipa i 1899, med Marius Hægstad som fyrstemann.

No følgde ei rad med grundige fagbøker og -studiar frå Venås si hand. Han hadde ei enorm arbeidshevne og femnde over mange språklege fagfelt. Såleis har han levd etter seg skilsetjande forskingsbidrag innanfor målførergranskning, indre og ytre norsk språkhistorie, sosiolingvistikk, grammatikk, stednamngranskning, norrønt språk og faghistorie reint allment. Her er det nok å nemna dei to store verbstudiene hans, den nynorske grammatikken, læreboka i sosiolingvistikk, boka om hallingmålet, samlinga

av norske tekstar frå dansketida og bøkene om innsjønamn i Hedmark og Telemark. Det er reint ufateleg korleis ein mann åleine kunna rekka over så mykje som alt dette.

Men Kjell Venås kunne skriva biografiar også, såleis kasta hans seg på sine eldre dagar over kjende og sentrale personar i norsk filologi, som Gustav Indrebø, Marius Hægstad, Hans Ross og Sigurd Kolsrud. Men det spørst om ikkje biografien hans om Ivar Aasen, med tittelen *Då tida var fullkommen* frå 1996 er den som ragar høgast av alle desse.

Han hadde også viktige ombod i Norsk språkråd, der han var leiar i fagnemnda for nynorsk frå 1980 til 1996. Sameleis sat han som målmann for Universitetet i Oslo i Tilsynsnemnda for Norsk Ordbok i mange år.

Kjell Venås sa heller ikkje nei då Noregs Mållag i 1980 spurde han om å skriva eit oversyn over målsoga frå Ivar Aasens dagar og fram til 1905, og sidan skreiv han også eit tillegg til lagssoga frå 1980-åra. Det sistnemnde oppdraget gav oss boka *Mål og med* i 1991. Og han heldt hovudinnleiringa om nynorsk ordtilfang på landsmøtet i Noregs Mållag i Mandal i 1982.

Kjell Venås vert sårt sakna mellom alle oss som soknar til norsk målvitskap og har hatt han som læremester og førebilete. Me lyser fred over minnet hans!

OLAF ALMENNINGEN



Arkivfoto: Audun Skjervøy / Dag og Tid

Stao no pao

Dette er slagordet til Sogndal fotball. Det er eit flott slagord. Det har høvd godt for eit fotballag som har pendla mellom eliteserien og første divisjon. Nett no må laget spela i første divisjon, og gjera det så godt at det plasserer seg på topp, eller nesten på topp. Og for å koma inn att i eliteserien må spelarane slå både andre førstedivisjonslag i toppsjiktet og nedrykkskandidatar frå tippeligaen. Dei må visa at dei er kvalifiserte til den gjevaste ligaen. Det har dei vist fleire gonger i det siste. Derfor ventar vi på at Sogndal klev opp att til høgaste nivå.

Sogndal fotball har vore eit særsyn i fotballserien, som det einaste ikkje-bylaget i gjevaste ligaen. Vi vil seia til spelarar og trenarar i komande sesong: «Stao no pao!». For vi vil gjerne sjå dei i eliteserien att snarast råd.

«Stå på» er eit uttrykk som kom inn i det norske språket, truleg på slutten av førre tusenår. Det har vorte så vanleg at dei fleste i dette landet forstår kva vi meiner når vi seier «Stao no pao!» eller «Stå på!». Kanskje dei som skal læra norsk, og som strevar med det, lurar på kva vi meiner når vi seier for å oppmuntra dei: «Det gjeld å stå på, så skal det lukkast».

Ho Kari hadde levd si misjonærtid mellom sanitane i India, og ho snakka språket deira som ein innfødd. Helsa gjorde at ho måtte avslutta si teneste, og ho kom heim til Voss for godt. Det var mykje nytt



Foto: Gasta Design

ho måtte læra då ho skulle orientera seg i heimbygda. Mellom anna klaga ho over eit uttrykk ho høyrd og las, som ho ikkje forstod: «Stå på!» Kva betyr det? Kva skal ein stå på, Kvar skal ein stå på?, eller Kven skal ein stå på? Uttrykket gjev jo ikkje mening utan vidare. Ho Kari levde så lenge at ho forstod når ho kunne bruka det, men eg trur ikkje at ho tok det i bruk.

Snart går nok dette uttrykket ut av bruk, og kjem i samlinga av uttrykk som ein ikkje lenger forstår. Då må Sogndal fotball finna seg eit nytt motto.

BRYNJULV MELVE
Voss

Stordal og Norddal får heita Fjord

Kommunane Stordal og Norddal i Møre og Romsdal får lov til å kalla seg Fjord kommune – trass i at Språkrådet har åtvært mot dette. Det har Kommunal- og moderniseringsdepartementet bestemt.

– Val av kommunenamn er viktig når ein skal byggja ein ny kommune og ein ny felles identitet. Eg er glad for at kommunane har blitt samde om Fjord som namn på den nye kommunen, seier kommunal- og moderniseringsminister Monica Mæland i ei pressemelding.

Språkrådet har derimot meint at Fjord ikkje kan brukast som kommunenamn fordi det ikkje er eit stadnamn.

Departementet viser på si side til at dei tidleg signaliserte at dei ville leggja stor vekt på kva namn kommunane lokalt ønskte.

– Når Stordal og Norddal er samde om at dei ønskjer Fjord som namn på den nye kommunen sin, så følgjer vi opp dette. Namn betyr mykje for innbyggjarane. Det er bra for den vidare prosessen at kommunane har blitt samde om Fjord som namn på den nye kommunen, seier Mæland. (NPK)

Landsmøtet til Norsk Målungsdom gjekk av stabelen i Drammen i mars. Landsmøtet vedtok mellom anna at dei meiner at jamstillinga av nynorsk og bokmål bør stå i Grunnlova.

Vil sikre nynorsk i Grunnlova

- NYNORSK OG bokmål har vore jamstilte skriftspråk sidan 1885, men denne sirkringa av dei norske språka kan forsvinne med eit fleirtalsvedtak i Stortinget. Dette burde inn i Grunnlova, akkurat slik som dei samiske språka er sikra i Grunnlova, seier Fredrik Hope.

Hope vart i helga attvælt som leiar i Norsk Målungsdom. Det var stor semje blant dei språkengasjerte ungdomane frå heile landet om at språket deira bør sikrast i Grunnlova.

– Dette er spesielt viktig for nynorsken. Eit mindre bruk språk treng ei ekstra støtte, og eit slikt grunnlovsvedtak vil styrke

dei mange rettane nynorskbrukarane har i andre lover.

Kongen skal skrive nynorsk

Regjeringa har varsla at det skal kome ei ny språklov. Målungsdomen har mange krav til lova.

